

Til eigarkommunane til Visit Fjordkysten og Sunnfjord AS.

Vi viser til tidlegare eigarmøte og seinast generalforsamling i mai der den økonomiske situasjonen til Visit Fjordkysten og Sunnfjord vart drøfta.

I generalforsamlinga vart det gjort slikt vedtak:

Sak 8: Ny modell for tilskot medlemskommunar

Framlegg til vedtak frå styret:

Styret tilrår Generalforsamlinga at det vert teikna nye 3-årige avtaler med kommunane, med eit grunnbeløp på kr. 100.000,- og kr. 35,- pr. innbyggjar.

Vedtak:

Generalforsamlinga meiner det er avgjerande for selskapet si drift å sikre føreseielege og langsiktige rammer. Generalforsamlinga tilrår kommunane å teikne 3 årige avtalar med selskapet, med eit grunnbeløp på minimum 100.000 og 35,- per innbyggjar, med årleg indeksregulering. Det er viktig for selskapet at ein får rask avklaring frå kommunane.

Av eigarkommunane er det pr i dag kommunane Kinn, Askvoll, Solund, Hyllestad, Fjaler (ikkje 2026) og Sunnfjord (gjennom Sunnfjord Utvikling) som bidreg med driftstilskot. Askvoll har varsla kutt frå 2027. Gulen kommune deltok også på generalforsamlinga og er open for å drøfte eit tettare samarbeid, noko som er svært positivt.

I modellen som styret la fram for Generalforsamlinga har ein teke omsyn til dei signala ein tidlegare har fått frå kommunane om krevjande økonomi, men også at eigarane ser verdien av arbeidet som selskapet gjer for marknadsføring av både reiselivsnæringa og kommunane i regionen. Styret har oppfatta at det er viktig for både næringa og kommunane å sikre vidare drift, og har gjennom den vedtekte modellen tatt omsyn til dette. Tilskot for den einskilte kommune vil etter ny modell bli slik:

Kinn,	2026: 818.911,-.	2027: 709.105,-.
Askvoll,	2026: 283.262,-.	2027: 202.410,-.
Hyllestad,	2026: 222.101,-.	2027: 144.555,-.
Solund,	2026: 202.565,-.	2027: 126.075,-.
Sunnfjord,	2026: 715.270,-.	2027: 894.850,-.

(Sunnfjord skulle etter opprinneleg modell ha betalt 1.015.270,- i 2026, men grunna budsjettkutt hjå Sunnfjord kommune vart dette redusert til 715.270,-).

Den usikre situasjonen som har vore over tid, har vore krevjande. Men vi vonar at ny finansieringsmodell kan bidra til ei avklaring og til ei føreseieleg drift framover.

Vi tillet oss difor å be om ei tilbakemelding på kor tid kommunane kan handsame sak om finansiering, og vi vonar på ei avklaring innan utgangen av september.

Solund, 27.07.26

Gunn Åmdal Mongstad

styreleiar